STUDENTSAMSKIPNADEN STORD/HAUGESUND
STYRET
PROTOKOLL

Tidspunkt: 08.04.05 **Stad:** Studenttorg, Rommetveit
Kl.: 1000 – 1400.

Leiar: Siri H. Henriksen **Ved pennen:** Ernst Wilhelmsen

Til stades: Alf Aronsen, Egil Eide, Siri H. Henriksen, Rune Jørgensen, Randi Presthaug, Stian Skeiseid og Gavin S.Williams

Revisor Sigurd Østensen frå KPMG var til stades og orienterte om årsmelding og årsreknskap.
I starten av møte vart protokoll frå møte i Kulturutvalet og referat frå drøftingsmøte med organisasjonane delt ut. Båe desse ligg ved protokoll. **Vedlegg 1 (3 ark) og Vedlegg 2 (1 ark)**

Saksliste:

SAK S 10/2005:	**GODKJENNING AV PROTOKOLL.**
SAK S 11/2005:	**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.**
SAK S 12/2005:	**INNMELDING AV SAKER UNDER EVENTUELT.**
SAK S 13/2005:	**TILSTANDS- OG BUDSJETTRAPPORT.**
SAK S 14/2005:	**MELDING FRÅ STYRET OG REKNSKAP 2004.**
SAK S 15/2004:	**ÅRSMELDING 2004.**
SAK S 16/2004:	**EVENTUELT**

Sak S 10/2005 GODKJENNING AV PROTOKOLL.

Vedtak:
Protokollen frå styremøtet 04.03.05 blei samrøystes godkjend.

SAK S 11/2005: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

Vedtak:
Innkalling og saksliste samrøystes godkjend.

SAK S 12/2005: INNMELDING AV SAKER TIL EVENTUELT.

Direktør melde inn fylgjande saker:

- Anbodsrunde på bokinnkjøp for HSH, kva har det å seia for bokhandel.
- Telefonsentral på Vardatun.
- Arbeidssituasjon for direktør i SSH.
- Brev frå bebuar på Vardatun.

Andre saker som blei meldt inn på møtet:

- Planlegging av semesterstart.
- Markedsføring av SSH. Ny logo?
- Markedsføring av HSH.
- Brosjyre for studentar frå utlandet.
- Avslag på studentbolegbygging.

SAK S 13/2005: TILSTANDSRAPPORT. **Orienteringssak**

Styret forventar at Samskipnaden for ettertida bemannar kontoret på Stord kvar dag.
Styret ber om å bli orientert om korleis dette vert løyst.
Vedtak:
Styret tek rapporten til vitring.

SAK S 14/2004: MELDING FRÅ STYRET OG REKNSKAP 2004. **Vedtakssak**

Revisor orienterte og la fram nytt reknskap med få endringar.

Vedtak:
Etter styrets oppfatning gir framlagte resultatregnskap og balanse med tilhørende noter fyldesgjørende informasjon om driften og den økonomiske stillingen for Studentsamskipnaden Stord/Haugesund ved årsskiftet.

Styret i Studentsamskipnaden Stord/Haugesund godkjenner det framlagte forslaget til Styrets årsberetning og regnskap for 2004.
Årsoverskuddet for 2004, 614 986 kr blir avsatt til annen egenkapital.

Votering:
Samrøystes.

Melding frå Styret og reknskap 2004 ligg ved. Dette er samla i den vedlagte Årsmelding 2004.

Vedlegg 3.

SAK S 15/2004: ÅRSMELDING 2004. **Vedtakssak**

Under samtalen ba Styret om at "Samtid" blei nemnd under Studentersamfunnet på Stord.

Vedtak:
Styret tok årsmelding til orientering.

Votering:
Samrøystes.

Fullstendig Årsmelding ligg ved. **Vedlegg 3.**

SAK S 16/2004: EVENTUELT.

1. Anbodsrunde for innkjøp av bøker ved HSH og kva dette tydar for bokhandelen.
Styret drøfta saka og meinte at SSH får følgja situasjonen og eventuelt ta førehandsreglar når ein ser konsekvensene.

2. Telefonsentral på Vardatun.
Denne sentralen betener telefonane på hyblane. Det blei reist spørsmål om denne er føremålstenleg. Alle har tilgong på internett og dei fleste har mobiltelefon. No må sentralen oppgraderast. Ein må vurdera spørsmålet, når ein får kostnadane på denne oppgraderinga.

3. Arbeidsituasjonen til direktøren i SSH.
Styret ber om ei utgreiing til neste Styremøte.

4. Brev frå bebuar.
Bebuar på Vardatun ber om reduserte priser på bustad og barnehage med det føremål å halda på tildelt boleg og barnehage i samband med utanlandsopphald.
Styret meiner at dette ikkje let seg gjera på grunn av at ein forventar at fleire studentar vil koma opp i liknande situasjonar. Dette vil svekka inntektsgrunnlaget til Samskipnaden.

5. Planlegging av semesterstart.
Styremedlem etterlyste arbeid i denne saka. HSH har allereie satt i gong dette arbeidet. Det er kalla inn til møter både i Haugesund og Stord om saka (22. og 26. april)

6. Markedsføring av SSH.
Styremedlem kom med framlegg med tiltak som kan markedsføra SSH.
Meir dynamiske sider på weben. Meir presentasjon av studentaktivitetar. Også engelsk tekst på weben. Endra logo? Stilla aktuelle spørsmål som nye studentar er opptekne av. Treng du hybel? Treng du barnehage?

7. Markesdføring av HSH.
Styremedlem meinte at HSH kunne profilera seg betre gjennom studentaktivitetar og gjennom bruk av studentar i ulike profileringsarrangementment. Etterlyste også betre rutinar på planlegging av semesterstart?

8. Brosjyre for studentar frå utlandet.
Etterlyste arbeidet i denne saka. SSH er i gong med arbeidet. Koordinator for internasjonalisering og læringsmiljøkonsulent har hatt møte om saka. Styret ynskjer ei brosjyre til semesterstart i august.

4. Avslag på bustadbygging frå departementet.
Det blei spurt om departementet argumenterte for sitt avslag. Det vert ikkje gjort. SSH vil fortsatt arbeida med saka. Det må sendast ny søknad til neste utlysing. Kanskje ein burde få meir hjelp av vertskommunane? Dette må takast opp i møte med desse.

Ved pennen

Ernst Wilhelmsen

Underskrifter.